

# Prosjektstøtte

Læringsnettverket har ulike tilbud til prosjektgruppene og prosjektleiarane med mål om å styrke prosjektkompetansen, og gje fagleg og praktisk støtte i utviklingsarbeidet. Alle tilboda er frivillige for prosjektgruppene å delta på. I tillegg inngår utviklingsprosjekta samarbeidsavtalar med eit eller fleire kompetansemiljø. To gongar i året legg kvart prosjekt fram kva dei arbeider med for dei andre aktørane i nettverket.

Tilbod	Mål og innhald	Omfang og målgruppe	Ansvarlege
<b>Prosjektdag - å starte opp eit prosjekt</b>	Bidra til at nye utviklingsprosjekt får ein god start, tilføre kompetanse i prosjektarbeid, realistiske mål, gode prosjektplanar og bli kjent med nettverket.	Ein dag for heile prosjektgruppa - Fysisk eller digitalt	<b>RKBU Vest</b> Saman med ressursgruppa
<b>Temasamlingar for prosjekta</b>	Samlar fleire utviklingsprosjekt som har liknande formål/tema, med mål om å tilføre oppdatert kunnskap og forskning på aktuelt tema, og lage ein god arena for erfaringsutveksling.	En dag for heile prosjektgruppa - Fysisk eller digitalt	<b>RKBU Vest</b> Saman med ressursgruppa
<b>Grupperettleiing</b>	Gje støtte i prosjektleiarrolla, gje rettleiing på tvers av tema knytt til prosjektorganisering, prosjektutvikling, og førebygging og handtering av hindringar.	Åtte gongar per år av 1,5 timar for prosjektleiarar og prosjektkoordinatorar - Digitalt	<b>RKBU Vest</b>
<b>Prosjektutviklingsseminar</b>	Informasjonsutveksling, prosjektgruppene presenterar sitt arbeid for kvarandre og dei andre deltakarane i nettverket, moglegheit for å knyte nye kontaktar og inngå nye samarbeid.	Ein dag, ein til to gongar i året, for heile prosjektgruppa - Fysisk ev. digitalt	<b>Styringsgruppa i læringsnettverket</b>
<b>Prosjektleiarforum</b>	Bidra til å auke prosjekta sin kompetanse i prosessleiing og legge til rette for erfaringsutveksling og synergi prosjekta imellom.	Fire gonger i året av to timar - Digitalt	<b>Statsforvaltaren</b>
<b>Barnevernsleiar og læringsnettverkssamling</b>	Fagsamling for alle aktørane i læringsnettverket, fagleg påfyll, erfaringsutveksling, tilbakemelding på eige arbeid, moglegheit for å knyte nye kontaktar og samarbeid.	En gong i året, to dagar med overnatting for heile prosjektgruppa - Fysisk ev. digitalt	<b>Styringsgruppa i læringsnettverket</b>

Ved spørsmål knytt til prosjektstøtte kan de kontakta Unni Strandmann ved RKBU Vest eller Bente Cecilie Foss ved Statsforvaltaren i Vestland. Kontaktinformasjon ligg til høgre på nettsida for læringsnettverket. Der finn de også ei oversikt over tidspunkt for når dei ulike aktivitetane gjennomførast, år for år. Når tidspunkta for dei ulike tilboda i prosjektstøtteriggen for 2022 er bestemt, legg vi dei ut på denne nettsida.